



Nesjarane vann igjen. På andre sida av bordet sit Dag Hermansen og Berit Lappegård og til høgre sit Mariann Pedersen og Harald Pedersen medan Mona Enes sit til venstre

**Nesjarane tok i kveld sigeren i det fyrste av 3 quiz-oppgjer på Systrene Nilsen denne sommaren og dermed har det skarpskodde laget vunne 7 av 9 moegelege tevlingar her i bygda.**

**På andreplassen kom Reds, som tidlegare heitte King Kenny og som også har ei solid merittliste bak seg. Dei 2 laga fekk premiar på 700 og 300 kroner.**



[King Kenny hadde skifta namn til Reds denne gongen](#)

Morten Nilsen var hovud-utklekkar av spørsmål og programleiar denne gongen og skilte seg bra frå oppgava.

Ikkje minst skal han ha ros for allsidige spørsmål som til dømes inneheldt ein bolk om teknologi som ikkje tidlegare har vore tema under quizane her i bygda.

Til dømes vart det spurd om kva som var SONYs fyrste produkt og kven som laga den fyrste hybridbilen.

Men Nesjarane vann framfor alt på solid kunnskap i geografi og identifikasjon av ølmerker frå heile verda. Her fekk dei rett på 16 av 20 merker. i ein krevjande bolk.

Den lokale vinklinga var naturleg ikkje forsømt denne gongen heller og Nilsen ville til dømes veta kor mykje utvidinga av SPAR kosta og temperaturen på badevatnet klokka 15 i ettermiddag, I sportsbolken var det mellom andre eit spørsmål om kva for ein utøvar har tent mest på sporten sin gjennom tidene.

Berre 5 lag var med denne gongen og ein årsak til det var truleg litt sein marknadsføring, Neste gong bør det bli fleire. Då skal Bjørn Sture Hillestad leia quizen.

Dette er resultatlista.

1. Nesjarane 68,5
2. Reds 59
3. Sundvikvegen 5-25 52
4. Hagen Quizlaug 41
5. Klubbbertene 39

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen